




Nokon å sjå opp til

Vitskapen dyrkar heltar. Er ikkje det uvitskapleg?

Side 14–21

Mange knepp små

Statsrådens tale på forskingspolitisk seminar var eit viktig knepp i retning open tilgang.



– Krav om open publisering må ikkje undergrave publisering på norsk, sa Torbjørn Røe Isaksen.

Hovudargumentet for er sterkt: Når det offentlege har finansiert forskinga, bør resultata òg vere allment tilgjengelege og ikkje inne- stengde bak betalingsmurar. *Open tilgang* var eit hovudtema på Forskerforbundets årlege «forskinspolitisk seminar» i Oslo 15. november.

Saka har putra i årevis, og det har kome stadige nye knepp i retning meir satsing på open tilgang. Forskingsmeldinga *Lange linjer* fastslår prinsippet om at offentleg finansierte forskning skal vere ope tilgjengeleg. Kunnskapsdepartementet sette ned ei arbeidsgruppe, leia av Torkel Brekke, som skulle lage retningslinjer for open tilgang. Rapporten frå utvalet har fleire konkrete framlegg, mellom anna å leggje inn eit økonomisk incentiv for å få forskarar til å publisere med open tilgang. Nyleg gjekk høyringsfristen ut, og ifølgje kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen, eg kjem tilbake til han, er om lag 80 prosent av høyringssvara «generelt positive» til rapporten.

Parallelt med dette arbeidet, har EU òg stått for eit kraftig knepp. I vår vedtok EU at alle europeiske forskingsartiklar med offentleg finansiering i utgangspunktet skal vere ope tilgjengelege – alt frå publiseringsdatoen – innan 2020. Enn så lenge lever vi i ein bastardtilstand nasjonalt og internasjonalt. Tradisjonell publisering dominerer, medan open-tilgang-tidsskrifta

Enn så lenge lever vi i ein bastardtilstand nasjonalt og internasjonalt.

veks fram, seriøse og useriøse. Universitet og høgskular bruker store summer på tidsskriftabonnement, betalar avgifter for å publisere i open-tilgang-kanalar, og betalar tidsskrift for *frikjøp* av artiklar, retten til å publisere ope i tillegg. Styresmaktene krev nemleg at forskinga så langt mogeleg skal vere ope tilgjengeleg gjennom lagring i institusjonsarkiv. Om lag 50 norske institusjonar har slike arkiv, men det er grunn til å stille spørsmål om kor mykje som vert lagra der og kva utbytet av arkiva er.

På forskingspolitisk seminar heldt Torbjørn Røe Isaksen eit innlegg som etter min forstand var dekkjande og nyansert. Som statsråd har han attpåtil automatisk tyngde, som ein framfører av den rådande politikken. Han slo klårt fast at offentleg finansierte forskning skal vere allemannseige. Han argumenterte med at open tilgang bidreg til høgare kvalitet, ved at forskarar lettare kan byggje på funna til kvarandre og etterprøve kvarandre, og at ein raskare kan spreie ny kunnskap. På det siste punktet vil eg gjerne slutte meg til – og understreke: Argumentet om at offentleg finansierte forskning bør tilhøyre alle, kan ikkje vere avgrensa til forskarane sjølve.

Omsynet til storsamfunnet og kvardagsbrukarar av forskingsbasert kunnskap bør òg vege tungt, og tale for formidling av forskinga.

Røe Isaksen tok opp argumenta mot open tilgang. Retten til å publisere kor ein vil, er eit viktig prinsipp, og han formulerte det slik: «Vi må anerkjenne det legitime ønsket til individuelle forskarar om å publisere i eit så prestisjetungt tidsskrift som mogeleg.» I akademiske krinsar er ikkje prestisje berre ei diffus ære, men sjølve valutaen. Kvalifisering og meritering er sterkt bunde til kor ein har publisert, og korleis kan ein kome rundt dette? Ein mogeleg veg, som Brekke-utvalet oppmodar til å satse på, er DORA (The San Francisco Declaration On Research Assessment). Underskriving av denne deklarasjonen forpliktar institusjonar til å leggje vekt på *kva* ein forskar har publisert, ikkje *kor*. Ved tilsetjing, opprykk eller tildeling av forskingsmidlar skal kvaliteten telje, ikkje renommeet til publiseringskanalen.

Nokre kraftfulle mekanismar motverkar òg open tilgang, som interessene til internasjonale tidsskriftsforlag, og at tradisjonell publisering er tett knytt til fundamentale prinsipp i forskingsverda – korleis ein best kvalifiserer seg, og korleis institusjonane oppnår ry og pengar. Dersom ein skal få til ein god overgang til open tilgang, må systema og politikken derfor gå framfor. Vi kan ikkje vente at forskarar som skal prøve å kvalifisere seg – til dømes til ei fast stilling – tek sjansen på å gjere bruk av den nest mest, eller tredje mest, verdifulle valutaen. Oppi alt dette, må ein sikre publisering på norsk, og dyrking av det norske fagspråket.

God advent!

Sjå debattinnlegg om open tilgang på side 40 og 41, og sjå nettsida Forskerforum.no for fleire debattinnlegg.

Sjå eiga sak om open tilgang på side 10.



Redaktør
Kjetil A. Brottveit



Heltene i akademien

De vitenskapelige heltene blir dyrket også i dag. Torbjørn Røe Isaksen ønsker seg flere realfagshelter.



Forskning gjemmes bort

– Dokumentasjonen viser at resultatene fra omtrent halvparten av alle forsøk ikke blir publisert, sier forskningsaktivisten Ben Goldacre.



På motorsykkel i Tanzania

En samfunnsøkonom fra Ås har dratt Tanzania rundt for å finne ut hva som skal til for å få innbyggerne til å hogge mindre skog.

4: Kunstig budsjettvekst

Over 300 millioner av Forskningsrådets penger på bok er i statsbudsjettet foreslått brukt om igjen på andre tiltak.

6: Fortrinnsrett til Høyesterett

Er en stilling som førsteamanuensis høyere rangert enn en forskerstilling? Ja, mener UiO. Nei, mener Forskerforbundet.

7: Uenige om debattkultur

Hvordan er debatten rundt stridsspørsmål i akademien? Noen mener den er for kvass, mens andre mener den er saklig.

8: – Gjennomstyret av næringslivet

Eksterne styreledere har gjerne for liten kunnskap om akademien, og ser på universitetet som en bedrift, mener professorer.

10: Skepsis til åpen tilgang

Mange er redde for at publisering i åpen kanaler ikke er like bra for forskerkarrieren som prestisjetunge tidsskrift.

FASTE SIDER

- 34: Bøker
- 36: Kronikk
- 37: Gjesteskribent
- 38: Debatt
- 43: Tilbakeblikk
- 45: Informasjon fra Forskerforbundet



Forskerforum

Nr. 10/2016 – 48. årgang

Fagblad om forskning og høyere utdanning. Forskerforum blir redigert etter redaktørplakaten og er medlem i Fagpressen.

UTGIVER: Forskerforbundet, Postboks 1025 Sentrum, 0104 Oslo, Telefon: 21 02 34 00/Telefaks: 21 02 34 01

ANSVARLIG REDAKTØR: KJETIL A. BROTTVEIT, kjetil.brottveit@forskerforum.no

REDAKSJONSSEKRETÆR: AKSEL KJÆR VIDNES, aksel.vidnes@forskerforum.no

JOURNALISTER: JOHANNE LANDSVERK, johanne.landsverk@forskerforum.no

ELIN REKDAL MÜLLER, elin.rekdal.muller@forskerforum.no, KJERSTIN GJENGEDAL, kjerstin.gjengedal@forskerforum.no,

KONTAKT REDAKSJONEN: redaksjonen@forskerforum.no

REDAKSJONSRÅD: Martin Eide, professor UiB, Helge Salvesen, bibliotekdirektør UiT, Reidun Høydal, Møreforskning/Høgskulen i Volda

ANNONSER: Arne Aardalsbakke, Telefon: 900 43 282, E-post: annonser@forskerforum.no

Design: Concorde Design. Forsidefoto: Wikimedia Commons. Trykk: Krona Trykk.

ISSN 0800-1715. Opplag: 19150

– BRUKER PENGENE TO GANGER

Regjeringen tar 300 millioner kroner fra infrastruktur og gir til andre tiltak i budsjettet.

– KD bruker på sett og vis pengene to ganger, sier Egil Kallerud i NIFU.

STATSBUDSJETTET

I budsjettforslaget for 2017 foretar Kunnskapsdepartementet (KD) et ettårig kutt på 300 millioner i midlene til vitenskapelig utstyr i Forskningsrådet. Midlene overføres til andre tiltak og gjør at forskningsbudsjettet, som samlet er uten reell vekst, likevel har vekst i bevilgningene til flere sentrale poster.

– Slik får departementet rom til å øke midlene på poster med høy politisk oppmerksomhet, som flere rekrutteringsstillinger, EU-støtte, Toppforsk-satsningen og infrastruktur-posten, til tross for at den nominelle veksten på 2017-budsjettet knapt er over prisveksten. Ministeren kommer godt ut av det politisk, selv med et relativt lavt totalt bevilgningsbeløp, sier spesialrådgiver Egil Kallerud i Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU). Hver høst analyserer instituttet forslaget til statsbudsjett.

Forslaget framstår som noe av et paradoks, for Forskningsrådet har egentlig bundet de

samme pengene i kontrakter på utstyr. Men ofte tar det lang tid før pengene tas i bruk, og midlene står derfor ennå på bok. Hvis regjeringen bruker dem til andre ting nå, kan det bli et problem når pengene må dekkes inn igjen året etter.

– Ved å frigjøre disse pengene til andre tiltak bruker KD på sett og vis de samme pengene to ganger, mener Kallerud.

– MINNER OM HVILESKJÆRET

Ifølge KD er kuttet rent «teknisk» og skal ikke påvirke aktiviteten til Forskningsrådet.

– Forskningsrådet har store overføringer, og vi har foreslått et ettårig teknisk kutt for å redusere overføringene noe. Vi mener det er bedre å sette disse pengene i aktivitet enn at de står uvirksomme på konto i Norges Bank, sier statssekretær Bjørn Haugstad (H) i Kunnskapsdepartementet.

– Dette er en ripe i lakken for forskningspartiet Høyre og viser at de må gjøre et slikt

kutt for å dekke opp for forskningssatsningen sin. Det gjorde aldri vi, sier Marianne Aasen, medlem av Kirke-, utdannings- og forskningskomiteen på Stortinget for Arbeiderpartiet. Aasen kaller kuttet en ukonvensjonell måte å gjøre budsjettpolitikk på.

Det tekniske kuttet har visse fellestrekk med det såkalte «hvilekjæret» under tidligere kunnskapsminister Øystein Djupedal, mener Egil Kallerud.

– Djupedals hvilekjær handlet også om at for mye penger stod på bok, og han mente sektoren kunne klare seg med mindre et år. Men mens hvilekjær-begrepet fikk store konsekvenser politisk, fremstiller dagens minister det som om kuttet er uten reelle virkninger, sier han.

– BUDSJETTERER LAVT TIL EU

En annen faktor som bidrar til at KD har fått betydelig budsjettmessig handlingsrom, gjelder kontingenten til EU-forskning, mener Kallerud.



FOTO: PAUL SIGVE AMUNDSEN

■ Kjemisk institutt ved Universitetet i Bergen er blant de heldige som har fått penger fra infrastrukturmidlene i Forskningsrådet.

– Den er budsjettert mye lavere i 2017 enn i år, sier han.

Fastsettelsen av bevilgningen til kontingenten skjer gjennom tre stadier, forklarer Kallerud, og det er derfor vanskelig å budsjettere med helt korrekt beløp i utgangspunktet.

– Det kan se ut til at regjeringen har hatt flaks med at de i budsjettproposisjonen for 2017 kan budsjettere med så lavt beløp på kontingenten, sier Kallerud. Han har likevel ikke grunnlag for å hevde at det er bevisst underbudsjettering.

– Jeg kjenner ikke anslaget på utbetalinger for 2017 som EU har oppgitt. Men beløpet for 2016 blir vesentlig høyere enn det foreslåtte beløpet for 2017, særlig om også tilleggsbevilgningen i revidert nasjonalbudsjett medregnes. Det er også oppsøksvekkende at regnskapstallet for 2015 er en halv milliard over budsjettert beløp for 2017. Vi har aldri sett et så stort avvik som dette.

– SNUBLETRÅD I NESTE BUDSJETT

På grunn av infrastrukturkuttet og lav EU-kontingent ligger det noe som likner en snubletråd for 2018-budsjettet, i og med at midlene må inn i budsjettet igjen, mener Kallerud.

– Pengene fra kuttet må tilbakeføres, og det er grunn til å anta at også EU-kontingenten må budsjetteres med et vesentlig høyere beløp i 2018, sier han.

– De totale bevilgningene for 2018 vil derfor måtte bli markant høyere bare for å opprettholde aktivitetsvolumet i 2017. Infrastrukturbevilgningen må i 2018 øke med 475 millioner kr for å dekke det som gjenstår av langtidsplanens vekstmål.

– Noen må ta regningen, sier han, men om det blir en snubletråd for en ny regjering, vil vi først vite etter valget i 2017.

Marianne Aasen er enig i at pengene vil måtte dekkes inn senere.

– Fjernes 300 millioner, er det egentlig 300 millioner i minus neste år. Det vil ikke bli lettere da hvis Høyre skal opprettholde den høye fanen de har hatt på bevilgninger til forskning. De gode tidene er over, og inntektene fra olje- og gassproduksjonen vil bli stadig mindre. Da er det uheldig å bruke slike midler på den måten, sier hun.

Statssekretær Haugstad reagerer på sammenligningen med hvileskjæret og vil ikke gå med på at det er lagt inn en snubletråd for neste regjering.

– Sammenligningen med hvileskjæret til Djupedal blir feil, for det var et permanent kutt. Vi er og har vært tydelige på at dette er et ettårig kutt for å ta ned overføringene. Vi presiserer gjerne en gang til at Forskningsrådet kan legge til grunn at pengene er tilbake i 2018-budsjettet. Dermed er det ingen snubletråd, uansett regjering, siden vi selv sørger for å legge pengene inn igjen, sier Haugstad.

Aasen mener det blir mye å holde styr på hvis regjeringen skal sjonglere slik.

– Det er fint at Haugstad vil gi en slik garanti. Men ingen vet rammene for neste år. Å



FOTO: ARBEIDSPARTIET

■ – Dette er en ripe i lakken for Høyre, sier Marianne Aasen i Ap.

forskuttere budsjettet er en dristig øvelse. En statssekretær må være forsiktig med å love budsjetter som et annet Storting enn det vi kjenner nå, skal vedta. Jeg sier ikke at vi vil ønske å ta de 300 millionene fra Forskningsrådet, men det er vanskelig å gi en garanti for et budsjett som skal komme etter et valg, sier hun.

– INGEN VIRKNINGER

At kuttet ikke vil få noen reelle virkninger for infrastruktursatsingen, bekreftes av Asbjørn Mo, direktør ved avdeling for forskningsinfrastruktur i Forskningsrådet.

– KD er krystallklare på at vi skal tildele midler som om kuttet ikke var der, sier Mo.

At departementet foretar kuttet, handler ikke om at ledige midler står igjen på konto, stadfester han.

– Alle midler Forskningsrådet hittil har motatt til forskningsinfrastruktur er nå bundet i kontrakter institusjonene har med oss. At ikke alle midlene hittil er brukt, handler først og fremst om at det tar en viss tid for institusjonene å foreta de relativt krevende infrastruktur-investeringene, sier han.

Det er viktig for Forskningsrådet å signalisere at midler til infrastruktur ikke bevisst har blitt holdt igjen.

– I denne ordningen har vi virkelig gått of-



FOTO: NIFU

■ – Noen må ta regningen, men om det blir en snubletråd for en ny regjering, vet vi først etter valget i 2017, sier Egil Kallerud.

fensivt ut for å bruke midlene. Å skape inntrykk av det motsatte er feil, og kan føre til uriktige myter om hvordan vi opptrer, sier Mo.

Forskerforum nr. 8-16 omtalte flere infrastrukturprosjekter som ikke har nådd opp i konkurransen om midler. Men det er ikke slik at de 300 millionene heller kunne blitt tildelt disse prosjektene, for de er allerede tildelt. De har bare ikke gått ut av konto hos Forskningsrådet.

– Vi kunne ikke delt ut mer penger enn vi har gjort. Det er selvsagt trist at ikke alle får, og det finnes gode forslag som ordningen ikke har stort nok budsjett til å kunne dekke, sier Mo.

– Kuttet er knyttet til Forskningsrådets overføringer generelt, ikke til infrastruktursatsingen spesielt. Det er rent budsjett-tekniske årsaker til at kuttet er synliggjort i budsjettet for forskningsinfrastruktur, sier han.

♦ AV ELIN REKDAL MÜLLER

Forslaget til statsbudsjett skal først gjennom forhandlinger, både med regjeringspartnerne KrF og Venstre og i de ulike komiteene. Forhandlingene var ennå ikke over da Forskerforum gikk i trykken. Til slutt skal Stortinget behandle budsjettet.

– Djupedals hvileskjær handlet også om at for mye penger stod på bok.

EGIL KALLERUD

SKAL IKKE MISBRUKE FORSKNING

Partiene på Stortinget signerte på ikke å skjule forskningsresultater som strider mot deres eget politiske syn.

POLITIKK

– Jeg er glad for at et samlet Storting så tydelig slutter seg til målet om en kunnskapsbasert debatt, og oppfordrer forskerne til å delta i det offentlige ordskiftet med sin kunnskap.

Det sier Forskerforbundets leder Petter Aaslestad i etterkant av forbundets årlige forskningspolitiske seminar som i år ble arrangert 15. november i Oslo.

FORSVARER AKADEMISK FRIHET

Politisk bruk av forskning og åpen tilgang var blant temaene som ble diskutert på seminaret, under tittelen «Hvem eier forskningen?» Flere hundre deltakere fra forskningssektoren, politikere og næringsliv stilte for å høre innlegg fra blant andre kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen, samt en debatt mellom stortingspartiene om forholdet mellom forskning, næringsliv og politikk.

Etter politikerdebatten undertegnet samtlige partier på Stortinget erklæringen «Forskerløftet», hvor politikere forplikter seg til:

- å forsvare den akademiske friheten – i Norge og i andre land
- å bestrebe seg på å sitere forskere korrekt og



FOTO: HAKON ELTVIK

■ Torgeir Knag Fylkesnes fra SV var blant politikerne som signerte «Forskerløftet», her med Forskerforbundets leder Petter Aaslestad.

gjengi forskningsresultater på en god måte

- å ikke bevisst skjule sentrale forskningsresultater som de vet eksisterer, selv om resultatene ikke er i samsvar med deres politiske syn

STØRRE SKEPSIS TIL FORSKERE

Aaslestad understreket også betydningen av politikeres korrekte bruk av forskning under sin innledning til seminaret. Kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen svarte på Aaslestads bekymring i sitt innlegg. Han ga uttrykk for at forskning blir stadig viktigere for samfunnet, men advarte mot at stigende oppmerksomhet om forskning også kan gi uheldige effekter.

– Det er grunn til å tro at vi har fått en større skepsis til eksperter og forskere. Noe kan skyldes at politikere altfor ofte viser til «forskning viser at», sa Isaksen.

Det legger også Aaslestad vekt på i etterkant av seminaret.

– Politikerne må være mer forsiktige med å ta forskning til inntekt for sitt eget syn. Det er sjelden slik at «forskning viser at», som politikere liker å si. Samtidig må vi forskere ha forståelse for at politikere tar avgjørelser på grunnlag av en helhetsvurdering der mange ulike hensyn spiller inn, sier Aaslestad.

♦ AV AKSEL KJÆR VIDNES

FORSKERFORBUNDET I HØGSTERETT

Kan ein oppsagd forskar få fortrinnsrett til ei stilling som førsteamanuensis? Det skal Høgsterett avgjere.

RETTSSAK

– Det er ikkje rettsleg grunnlag for å seie at ei førsteamanuensisstilling er ei høgare rangert stilling enn ei forskarstilling, uttalte advokat Mariann Helen Olsen i Forskerforbundet då rettssaka mot staten kom opp i Høgsterett.

Olsen representerer ein oppsagd forskar ved Universitetet i Oslo (UiO) som tidlegare har vunne fram i Borgarting lagmannsrett, etter først å ha tapt i tingretten. Lagmannsretten konkluderte med at ein måtte sjå forskaren som fast tilsett, og retten kom også til at han hadde fortrinnsrett på ledige professor- eller førsteamanuensisstillinger. UiO anka saka, men Høgsterett godtok berre delar av anken. Høgsterett vil berre ta stilling til det prinsipielle spørsmålet om fortrinnsrett.

HØGARE RANGERT?

UiO ved regjeringsadvokat Elisabeth Stenwig bad om at dommen i lagmannsretten må bli oppheva.

– Ei førsteamanuensisstilling blir oppfatta som ei høgare rangert stilling enn ei rein forskarstilling, sa Stenwig, og viste til at ein tilsett ikkje kan krevje fortrinnsrett til ei stilling



FOTO: JOHANNE LANDSVERK

■ Forskerforbundet ved Mariann Helen Olsen (t.v.) møtte UiO ved regjeringsadvokat Elisabeth Stenwig i Høgsterett.

med høgare lønn.

Advokat Olsen viste på si side til at reine forskarstillingar og førsteamanuensis- og professorstillingar er to identiske karriereløp. Ifølgje Olsen er det ikkje grunnlag for å seie at ei stilling som førsteamanuensis ikkje er passande for ein tilsett i forskarstilling, så sant

forskaren fyller alle kvalitetskrava til stillinga.

– Kompetansekravet og lønnsnivået er det same, noko som tilseier at desse stillingane er likeverdige. I dette tilfellet har forskaren drive både med forskning, undervisning, rettleiing og administrasjon, sa Olsen.

– IKKJE IMOT STILLINGSVERN

Avgjerda i lagmannsretten la vekt på at stillingsvernet til den tilsette i dette tilfellet vog tyngre enn universitetets rett til å velje å tilsette betre kvalifiserte.

– Det som går att i dei skriftlege erklæringane frå staten, er at UiO eigentleg er imot fortrinnsretten generelt. Ein vil ha inn at ein uansett skal konkurrere om ei stilling, sa Olsen.

– Det er eit faktum at fortrinnsrett svekker konkurransen og kvalifikasjonsprinsippet. Det å peike på dette er ikkje det same som å vere imot stillingsvern, repliserte advokat Stenwig.

♦ AV JOHANNE LANDSVERK

Dom i saka var ikkje kunngjort då Forskerforum gjekk i trykken.

– SAKLEG OG NÅDELAUS

– Debatten har vore slik ein kan forvente ved eit universitet, seier ein professor. Andre tek ikkje sjansen på å tone flagg.

DEBATTKULTUR

Korleis er debattkulturen kring stridsspørsmål ved universitet og høgskular? I førre nummer omtalte Forskerforum korleis debatten om omorganisering ved Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU) har arta seg. NMBU-rector Mari Sundli Tveit trudde eit tøft debattklima er grunnen til at så mange tilsette er resignerte etter kampen. Dekan Anne Storset ved NMBU seier:

– Mange føler at debattklimaet på Ås skil seg ut frå det vi er vane med her på Adamstuen. Det har nok også ført til at folk ikkje ønskjer å engasjere seg, i alle fall ikkje i debatten på den interne debattsida til NMBU, fordi ein ønskjer å ta avstand frå kulturen som råder der.

Storset var tidlegare instituttleiar ved Noregs Veterinærhøgskole på Adamstuen i Oslo, som i dag er del av NMBU.

UTILSLØRT DEBATT

Professor Birger Svihus ved NMBU er ikkje einig:

– Etter mitt syn har diskusjonane i det store og heile vore disiplinerte og saklege, med fokus på sak og ikkje person. Diskusjonen har rett nok vore nådeløst utslørt, frittalande og med lite vektlegging av å vere politisk korrekt eller diplomatisk. Men dette er jo akkurat slik ein kan og bør forvente av diskusjonen ved eit universitet.

Svihus meiner kritikken av diskusjonskulturen er ein indikasjon på den aukande avstanden mellom leiinga og det akademiske miljøet.

– Eg las med forundring rektors analyse av årsaka til resignasjonen ved NMBU. Det kan verke som om rektor ikkje forstår kor stor frustrasjon den lange rekka av vedtak på tvers av ønska til eit flertal av dei tilsette, har ført til. I så fall illustrerer dette årsaka til resignasjonen: at leiinga i for stor grad ignorerer dei tilsette.

Dekan Storset seier at «gamle» UMB på Ås og Noregs Veterinærhøgskole har hatt svært ulik debattkultur.

– På Ås har dei tilsette vore svært opptekne av å kunne ytre seg fritt, medan vi har hatt ein kultur der ein tenker seg om før ein karakteriserer andre. Eg har mange gonger vore uenig i debattinnlegg, men eg har tenkt at det ikkje er spesielt lurt å melde seg på. I staden for at ein «slår kvarandre i hovudet» burde debatten bli meir konstruktiv.

Storset presiserer at ho ikkje ønskjer ein «tannlaus» debatt.

– Eg meiner ikkje at folk skal bli lydige eller finne seg i alt. Men vi har jo nyleg sett debatten i presidentvalkampen i USA, og eg trur ikkje det er bra for folk å seie altfor stygge ting om kvarandre.



FOTO: ASMUND LØVDAL

■ – Diskusjonane ved NMBU har vore nådeløst utslørte, men også saklege, meiner Birger Svihus. Her frå demonstrasjonen mot innføring av tilsett rektor ved NMBU.



FOTO: HAKON SPARE

■ – Eg trur ikkje det er bra for folk å seie altfor stygge ting om kvarandre, seier Anne Storset.

IKKJE LETT Å TVILE

Dei siste vekene har også debattklimaet ved Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) vore diskutert i media. Ifølgje seniorrådgjevar Georg Arnestad ved HiSF var det ikkje lett å seie at ein tvilte på eller støtta ein fusjon då spørsmålet kom opp for to år sidan. I eit innlegg i nettavisen Khrono skreiv Arnestad at tvilarane måtte bruke «innestemme» når dei snakka om tvilen. Fleire ved høgskulen har reagert på utspelet og på debatten som følgde, der utspelet er brukt som døme på at det står dårleg til med ytringsfridomen i academia. I eit felles debattinnlegg i Khrono skriv dei tillitsvalde for organisasjonane ved HiSF at ein kan få inn-

trykk av at HiSF er prega av låg takhøgde og mangel på meiningsbryting, noko dei meiner stemmer dårleg med det som er den gjengse oppfatninga ved høgskulen.

Hovudtillitsvald i Forskerforbundet ved HiSF Hege Gjerde Sviggum seier at dei tillitsvalde ikkje kjenner seg att i biletet som er skapt i media.

– Som hovudtillitsvald har eg aldri blitt kontakta av medlemmer som meiner dei ikkje kan ytre seg fritt i debatten. Eg trur dei tilsette jamt over opplever at HiSF har ein god kultur for meiningsbryting, seier Sviggum.

Ved Universitetet i Agder var det for nokre år sidan heftig motstand mot fusjon med Høgskolen i Telemark. Tidlegare rektor – og fusjonstilhengar – Torunn Lauvdal seier at mange ikkje torde å uttale seg:

– Eg opplevde fleire gonger at folk kom bort til meg og sa at dei støtta fusjonen, men dei våga ikkje seie noko, fordi det ville bli så mykje styr. Eg kan forstå det, for i nokre av fagmiljøa var det så aggressiv motstand at det nok var vanskeleg å hevde det motsette synet.

Ho presiserer at dette ikkje handlar om retten til å ytre seg.

– Det vi snakkar om her, er debatten som oppstår i sosiale grupper. Når opinionen blir ekstremt sterk, kan det vere vanskeleg for andre å gå imot.

♦ AV JOHANNE LANDSVERK



FOTO: THOR NIELSEN/NTNU

■ Styret ved «nye» NTNU. I midten rektor Gunnar Bovim (t.v.) og ekstern styreleiar Svein Richard Brandtzæg, konsernsjef i Hydro.

– UNIVERSITETA BLIR BEDRIFTER

Eksterne styremedlemmer forstår ikkje verdigrunnlaget ved eit universitet, meiner professorar.

STYRELEIING

– Gjennom eksterne styreleiarar kan departementet innfri ønsket om sterkare statleg styring av universiteta. Det som skjedde ved NMBU i vår, er ei godt døme på dette, meiner professor Arild Angelsen ved Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU).

Statssekretær Bjørn Haugstad er ueinig:

– Vi har andre måtar å styre på enn å instruere styremedlemmene. Vi opplever heller at eksterne styremedlemmer er frustrerte over at ein i KD er for tilbakehaldne med å signalisere kva eigaren meiner i viktige saker, seier han.

– LITEN VILJE TIL Å LYTTE

Hovudmodellen for styring av universitet og høgskular er i dag tilsett rektor og ekstern styreleiar, men dei fleste universiteta har framleis vald rektor, som også er styreleiar. Ein god del institusjonar har likevel gått over til tilsett rektor, og Kunnskapsdepartementet (KD) pei-

kar då ut ein ekstern styreleiar (sjå faktaboks). Som Forskerforum skreiv i førre nummer, har det vore sterke protestar blant NMBU-tilsette mot å innføre tilsett rektor og ekstern styreleiar og også mot ei omfattande omorganisering.

– Ekstern styreleiar og eksterne styremedlemmer har liten vilje til å lytte til faglege argument frå professorar og andre fagtilsette. Styreleiaren og dei eksterne styremedlemmene har avslørt at dei hadde liten kunnskap om det indre livet ved universitetet, seier Angelsen, forskingsleiar ved Handelshøgskolen NMBU.

Han hevdar at det nesten er umogleg å kome i dialog med styreleiaren.

– I omstillingssaka vart vi berre møtt med at «dette har styret bestemt». Det interessante er at styreleiar Siri Hatlen etter at ho gjekk av som direktør ved Oslo universitetssjukehus, uttalte at «vi gløymde fagpersonane». Og så gjer ho det same no.

Angelsen synest også det er litt merkeleg

at alle dei eksterne styremedlemmene alltid er einige, og følgjer styreleiar.

– Dei eksterne sit der som departementets forlengde arm, og dermed høyrer dei vel mest på kva departementet meiner, og let seg styre av politiske slagord om «større einingar», «synergier» og «effektiviseringskutt».

Styreleiar Hatlen skriv i ein kommentar til Forskerforum at det i styret sit både studentar, tilsettere representantar og eksterne styremedlemmer. Ho minner også om at leiinga ved NMBU i forkant av styrevedtaket om ny organisering arrangerte workshops, allmøte og møte på dei ulike institutta, så dei tilsette ved NMBU har hatt anledning til å bli høyrde undervegs i prosessen.

REDD FOR BEDRIFTSKULTUR

Men Angelsen meiner ein undervurderer dei langsiktige konsekvensane av tilsett rektor og ekstern styreleiar.

– Om ein får inn folk frå næringslivet som tenker mekanistisk på styring, fungerer det ikkje i kunnskapsorganisasjonar. Det er noko anna å leggje til rette for god forskning enn å leie ei industribedrift. Om universitetet blir ei produksjonsbedrift som blir styrt ovanfrå, fryktar eg for kva som kan skje med forskinga.

Han får støtte av Aksel Tjora, professor i sosiologi ved NTNU.

– Universitetet har overteke styringsver-

– Om ein får inn folk frå næringslivet som tenker mekanistisk på styring, fungerer det ikkje i kunnskapsorganisasjonar.

ARILD ANGESEN



FOTO: HAKON SPARRE

■ – Kvifor er eksterne styremedlemmer alltid einige? spør Arild Angelsen.

diane frå tidlegare NTH, og typisk nok har NTNU ein ekstern styreleiar med bakgrunn frå industrien. Litt av problemet er at denne industrikoplinga representerer berre ein del av NTNU, som i dag i stor grad er eit breiddeuniversitet, seier Tjora. Han sit også i styret for Fakultet for samfunnsvitskap og teknologileiing.

Tjora meiner det er eit verdiprobblem om eksterne styreprerantar ikkje forstår kva for verdigrunnlag universitetet kviler på.

– Ved NTNU er dette tydeleg ved at ein ønskjer å styre universitetet som om det var ei bedrift, utan å tenke gjennom kva for samfunnsmessige verdiar ein skal forvalte. Ei bedrift har som mål å gje overskott og økonomisk uttelling til eigarane, medan eit universitet har som mål å gje noko av verdi tilbake til samfunnet, som ein viktig del av demokratiet. Styreleiarar frå næringslivet har generelt liten sensitivitet for slike verdiar og bringer dessverre ein verdimessig inkompetanse inn i styrerommet, seier han.

– IKKJE SÆRLEG KOMPETANSE

Dette får statssekretær Haugstad til å reagere:

– Han veit ikkje kva han snakkar om når han påstår at NTNU vert drive som ei bedrift. Det kan ein berre seie om ein ikkje har særleg kompetanse om korleis næringslivet verkar, seier Haugstad.

Han meiner også det er unnfallande og uakademisk å generalisere slik Tjora gjer:

– Det er lite innsiktsfullt, og eg synest han kunne gjere debatten den tenesta å faktisk argumentere meir presist for kva som er problemet, seier Haugstad.

Ifølgje Tjora er problemet at næringsliv og



FOTO: ELIN IVERSEN/NTNU

■ – Styringa av NTNU er gjennomsyra av tankegangen frå næringslivet, seier Aksel Tjora.

industri vil ha marknadstilpassing som eit viktig premiss.

– Eit universitet bør derimot oppretthalde forskingsaktivitet og studietilbod av andre omsyn enn marknaden. Ut frå ein industriståstad er det lett å kutte av dei greinene som ikkje gjev så mykje frukt. Det som er skummelt ved at stadig meir forskning blir eksternt finansiert, er at vi då får ein del forskingsområde som ikkje let seg finansiere, og som vi risikerer å miste.

– KD TENKJER BREITT

Kvifor ønskjer så departementet at universitet og høgskular skal ha eksterne styreleiarar frå næringslivet? Ifølgje statssekretær Haugstad kjem berre tre av elleve eksterne styreleiarar som denne regjeringa har peika ut, frå næringslivet.

– Så det spørsmålet bygger på heilt feil premissar, seier han.

Han fortel at KD legg stor vekt på innspel frå institusjonane når det skal peikast ut ekstern styreleiar og styremedlemmer.

– Men det er regjeringa som utnemner, så vi gjer også våre eigne vurderingar. Vi tenkjer ganske breitt, og ser blant anna på kva for situasjon den aktuelle institusjonen er i, og om vi bør leite etter ein spesiell type kompetanse.

– Men departementet styrer institusjonane meir gjennom utpeika eksterne styreleiarar?

– Ja, men sjølv i dei institusjonane som har ekstern styreleiar, er det berre fire styremedlemmer som er peika ut av departementet, medan sju representantar blir valde av institusjonen sjølv. Dersom KD reint hypotetisk skulle ha peika ut fire heilt håplause representantar,

er det trass alt eit stort fleirtal som blir valt av institusjonane sjølve, seier han.

KAN IKKJE INSTRUERE

Professor Jan Fridthjof Bernt ved Det juridiske fakultet ved Universitetet i Bergen seier at korleis eksterne styremedlemmer eller ekstern styreleiar er oppnemnde for å representere staten.

– Dei har eit sjølvstendig ansvar for korleis dei utøver dette vervet. Eksterne styremedlemmer eller styreleiarar kan ikkje bli instruerte av departementet, seier Bernt.

Han seier at styringsmodellen med eksterne styreleiarar og tilsett rektor svarar til modellen i eit aksjeselskap med styre som øvste organ, og direktør som dagleg leiar med særskilde fullmakter.

– Styret i eit aksjeselskap er valt av generalforsamlinga, som kan gje instruksar til styret som heilskap, men ikkje til enkeltmedlemmer.

Bernt seier at styreleiarar og styremedlemmer som er utpeika av departementet, normalt vil føle at dei bør vere lojale overfor eigaren.

– Det er opp til dei sjølve kor langt dei vil følgje lojaliteteten der denne kjem i konflikt med institusjonens eigne interesser. Juridisk sett er det likevel ikkje noko gale i at dei eksterne styremedlemmene har høg grad av lojalitet overfor departementet.

♦ AV JOHANNE LANDSVERK

Eksterne styreleiarar ved statlege universitet og høgskular

Utnemnde av noverande regjering:

- NMBU: Siri Hatlen (næringslivet)
- NTNU: Svein Richard Brandtzæg (næringslivet)
- Høgskolen i Oslo og Akershus: Trine Syvertsen (UH-sektoren)
- Høgskolen i Hedmark: Maren Kyllingstad (næringslivet)
- Høgskulen i Sogn og Fjordane: Trond Ueland (kommunesektoren)
- Nord universitet: Vigdis Moe Skarstein (UH-sektoren)
- Høgskolen i Sørøst-Noreg: Rune Nilsen (UH-sektoren)
- Høgskolen i Lillehammer: Peter Arbo (UH-sektoren)
- Høgskolen i Innlandet: Elin-Sofie Nesje Vestli, styreleiar frå 01.01.17 (UH-sektoren)
- Høgskulen på Vestlandet: Arvid Hallén, styreleiar frå 01.03.17 (offentleg sektor)

Utnemnd av tidlegare regjering:

- Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo: Rina Brunsell Harsvik (næringslivet)

Kjelde: KD

TVIHELD PÅ UTDATERT SYSTEM

Mange fryktar at krav om open tilgang skader karrieren til forskarane. Nye vurderingsmåtar for forskning kan vere ei løysing, men dei blir lite brukt.

OPEN TILGANG

EU vil at all offentlig finansiert forskning skal vere open tilgjengeleg innan 2020. Her heime gjekk fristen nyleg ut for å levere høyringssvar til dei nasjonale retningslinjene for open tilgang til forskning, som peikar i same retning.

Men mange er urolige over at slike målsettingar kan vere skadelege for forskarkarrierar, som i stor grad avheng av publisering i velrenommererte kanalar.

- IKKJE ENKELT

Det er ikkje noka enkel løysing på spørsmålet, meiner NTNU-professor og tidlegare rektor Torbjørn Digernes. Han representerer Noreg i arbeidet med «open science», som skjer i European University Association og Cesaer, ei europeisk samanslutning av teknologiske universitet.

– I prinsippet burde overgangen til open tilgang vere enkel når dei som finansierer forskinga, stiller krav om det. Men ein vil ikkje øydeleggje karrieresjansane til forskarane. Dei prestisjetunge tidsskrifta er nettopp det fordi ein trur at artikkane som blir publisert der, blir veldig mykje siterte, men det er ikkje tilfelle. Likevel sit dette i ryggmargen på folk, så vi jobbar trutt med å auke prestisjen til dei opne kanalane. I den samanhengen er useriøse tidsskrift som tek betalt for publisering og tek lett på fagfelle vurderinga, eit stort problem, seier han.

ALT KAN TELJAST

Forskarar arbeider meir og meir på digitale plattformer og nettverk. Det gjer at ein i dag kan måle nesten alt ein forskar gjer, og det har gitt opphav til mange ulike alternative målemetodar, eller «altmetrics», som kan utvide



FOTO: NTNU

■ – Eg har vanskeleg for å tru at målet om open tilgang innan 2020 er realistisk, seier Torbjørn Digernes.

repertoaret av vurderingskriterium i forskning. EU-kommisjonen har nedsett ei ekspertgruppe som skal vurdere korleis slike «altmetrics» kan bidra til eit ope forskningssystem.

Det er fleire utfordringar ved «altmetrics», fortel gruppemedlem Paul Wouters. Han leier senter for vitenskap og teknologistudium ved Universiteit Leiden.

– Det ikkje alltid klart kva det ein måler, tyder. Kva har det å seie at du har så og så mange følgjarar på Twitter? Det akademiske sosiale delingsverktøyet Mendeley kan samanliknast med siteringar, medan Twitter handlar om å dele, ikkje å lese. Datadeling er noko heilt anna igjen. Og blogging ligg nærare journalistikk. Alt dette kan teljast, men kva seier det oss?

VANSKELEG Å TOLKE

Ei anna utfordring er at mange av plattformene der forskning blir produsert og kommunisert, er eigde av kommersielle aktørar.

– Så offentlig finansiert forskning produserer digitale data som kan seljast på marknaden. Personleg meiner eg at ein burde ha ein offentlig infrastruktur for dette, som kommersielle aktørar gjerne kan bidra til, men ikkje eige. Men det er ei politisk vurdering, seier Wouters.

Han trur det er fleire grunnar til at «altmetrics» blir lite brukt i forskingsvurdering, sjølv om dei er lett tilgjengelege.

– For det første veit ein ikkje korleis dei skal tolkast, og for det andre er forskningssystema konservative. Ein ung forskar kan nå ut til mange ved å utnytte digitale kanalar, men ho blir ikkje løna for det i akademisk forstand. Dette er nøydd til å endre seg fordi forskning no blir utført på så mange ulike arenaer, men det er ein langsam og smertefull prosess, seier han.

MÅ FLYTTE PRESTISJEN

Torbjørn Digernes er samd i at det tek lang tid å endre kulturane for publisering og vurdering.

– Forlaga som har tidsskrift med høg prestisje, er ikkje interesserte i å tape den. Open tilgang kan også gjerast via «den grønne vegen», der forskaren etter ein viss periode kan lagre artikkelen i eit ope arkiv parallelt med at han blir publisert i eit tidsskrift. Mange tidsskrift tillèt dette, men ein del gjer det framleis ikkje. Samstundes prøver ein å etablere prestisjefylte opne kanalar. Lingvistikkfeltet har eit pilotprosjekt på dette.

Fleire internasjonale lingvistikktidsskrift er gått saman om å flytte heile redaksjonen og fagfelle vurderinga frå dei tradisjonelle forlaga over til nye, opne kanalar. Dei har sikra seg finansiell støtte i overgangsperioden, og på lang sikt vil drifta bli finansiert gjennom bidrag frå tidsskriftbudsjetta til universitetsbiblioteka. Modellen vil bli prøvd på fleire fagfelt.

– Det hjelper å bevisstgjere forskarar på kvar dei publiserer, men eg meiner det er urimeleg å sende enkeltforskarane på barrikadane i denne krigen. Det er røtt parti når ein veit kva midlar forlaga rår over. Så styresmakter og dei som finansierer forskinga, må på banen, seier Digernes.

♦ AV KJERSTIN GJENGEDAL

Utfordringane på vegen mot open tilgang var eit sentralt tema då Forskerforbundet arrangerte sitt årlege forskingspolitiske seminar 15. november. Både Universitetet i Oslo og Høgskulen i Oslo og Akershus etterlyser sterkare verkemiddel, sjå innlegg på side 40 og 41.



FOTO: ERIK NORRUD

■ Mange forskarar opplever at karrieren deira avheng av publisering i prestisjetunge tidsskrift utan open tilgang.

Har du forsikret det mest verdifulle i din familie?



For kun kr 1 669 i året får du Forskerforbundets barne- og ungdomsforsikring som gir økonomisk trygghet dersom noe skulle skje. Forsikringen er en av de mest omfattende i markedet og dekker blant annet:

- Medisinsk invaliditet etter ulykke og sykdom
- Dagpenger ved sykehusopphold
- Økonomisk trygghet ved alvorlig sykdom
- Uføreerstatning

Flere og flere velger i dag å tegne barneforsikring, og i dag er mer enn 50% av alle barn i Norge forsikret.

Ønsker du mer informasjon så ta gjerne kontakt med oss på forsikringskontoret.

Påmeldingsskjema finner du på: www.forskerforbundet.no/forsikring

UTDANNING

FIRE FREMRAGENDE MILJØ

Fire nye utdanningsmiljø har fått status som Sentre for fremragende utdanning, og vil motta til sammen 240 millioner kroner årlig i ti år. – Miljøene er i verdenstoppen når det gjelder utdanning. De tilhører svært forskjellige fagfelt, men har til felles at de gjennom utdanning svarer på viktige utfordringer samfunnet står overfor, sier Nokut-direktør Terje Mørland. Det er Universitetet i Oslo, Høgskolen i Lillehammer og to miljø fra NTNU som har fått SFU-status. Fra før har Norge fire slike sentre.

UTDANNING

Belønner kvalitet

■ For 16. gang har Kunnskapsdepartementet tildelt Utdanningskvalitetsprisen til en institusjon som har lyktes med innovative tiltak for å bedre undervisningen. Årets vinner er Norges miljø- og biovitenskapelige universitet med prosjektet Action Learning Model for Sustainable Development. Prosjektet innebærer at studentene kommer tidlig i kontakt med feltet som de senere vil møte i arbeidslivet, og det får særlig honnør for å utdanne kandidater som er i stand til å løse komplekse og globale utfordringer.



KJØNNBALANSE

Søkelys på akademica

■ Et nytt, nordisk senter for fremragende forskning skal ligge i Norge. Nærmere bestemt er det Institutt for samfunnsforskning og likestillingsmiljøet CORE som har fått 21,8 millioner kroner fra NordForsk til å

forske på det nordiske kjønnsparadokset i akademica. Paradokset det siktes til, er de nordiske landenes middelmåldighet i verdenssammenheng når det gjelder kjønnsbalanse innen forskning og innovasjon, selv om Norden skårer høyt på mange andre likestillingsfaktorer, skriver kifinfo.no.

HØGSKOLE

– Universitet innen august

■ Den nylig sammenslåtte Høgskolen i Sørøst-Norge satser på å få universitetsstatus innen august neste år. Rektor Kristian Bogen sier at høgskolen vil sende inn en søknad om å bli universitet etter at nye forskrifter for å oppnå slik status, vedtas over nyttår, ifølge Porsgrunns Dagblad. – Det er ingenting som tyder på at vi ikke kommer i land, sier Bogen. Ifølge avisen er kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen også positiv til planene. – Jeg både håper og tror at det skjer, sier han.

FOTO: FLICKR/CC



UNDERVISNING

Lærer ølbrygging

■ Studenter ved Høgskolen i Bergen kan nå velge å studere ølbrygging. – Jeg må innrømme at det er første gang jeg virkelig har gledet meg til å gå på forelesning, sier student Andreas Palmstrøm til NRK. – Dette er en næring som har vært i vekst i lang tid, og vi tror det er behov for kunnskap om ølbrygging, sier Geir Martin Førland, leder for Institutt for bio- og kjemiingeniørfag. Han understreker at studentene også lærer om kjemiske prosesser og annen problematikk relevant for næringsmiddelindustrien.



FOTO: FLICKR/CC

MUSEUM

Vil evaluere reform


■ En enstemmig kulturkomité på Stortinget vil at museumsreformen skal evalueres. Reformen har ført til sammenslåinger av museer landet rundt. – Museene har vært i kontinuerlig omstilling det siste tiåret. Det er på tide med en grundige gjennomgang og analyse av de økonomiske og faglige konsekvensene av reformen. I tillegg bør det utføres en ringvirkningsanalyse av museenes økonomiske betydning for lokalsamfunnene rundt dem, mener styreleder Ivar Gunnar Braaten i Norges museumsforbund.

UNDERVISNING

Elever får forske

■ Stavanger katedralskole oppretter neste høst en egen forskerlinje, gjennom et samarbeidsprosjekt med Universitetet i Stavanger og lokale bedrifter. Elevene skal få undervisning og praktisk erfaring for å forstå hva forskning er, jobbe med utvikling i teknologibedrifter og kunne ta fag på UiS. – Hvis du har interesse for matematikk og koding, er dette relevant. Du trenger ikke være spesielt god. Det viktigste er at du har interessen, sier Eiliv Janssen, avdelingsleder for realfag ved skolen.

FOTO: FLICKR/CC



DIGITALISERING

Bibliotek på nett

